



Saksframlegg

Arkiv: L12
Arkivsaksnr.: 2017/31
Saksbehandlar: Jan Rune Jacobsen
Dato: 06.06.2019

Detaljreguleringsplan for gnr. 8 bnr. 3 på Sess-setra

Utval	Møtedato	Utvallssak
Planutvalet	25.06.2019	43/2019

Saksprotokoll i Planutvalet - 25.06.2019

Vedtak:

I medhald av PBL § 12-11 vedtek planutvalet å legge forslag til detaljreguleringsplan for gnr. 8 bnr 3 på Sess-setra ut til offentlig ettersyn, med plankart, omtale og føresegner av 30.04.2019.

Avrøysting:

Innstillinga til administrasjonssjefen vart samrøystes vedteke.

Administrasjonssjefen si innstilling

I medhald av PBL § 12-11 vedtek planutvalet å legge forslag til detaljreguleringsplan for gnr. 8 bnr 3 på Sess-setra ut til offentlig ettersyn, med plankart, omtale og føresegner av 30.04.2019.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Grunneigar Jørn Sætre på gnr. 8 bnr. 3 ønsker å styrke driftsgrunnlaget på garden ved å legge til rette for fleire fritidsbustader på sitt areal ved Sess-setra. I gjeldande plan for Daugstad- og Sess-setra (frå 1997) er det aktuelle arealet regulert til friluftsområde.

Planen frå 1997 viser m.a. 9 hytter lengst sør (opp) ved Sess-setra, men på dei 20 åra sidan

planen vart vedtatt er det ikkje bygd hytter her. Årsaka kan ifølgje Sætre vere mangel på kjørbær tilkomst og at marknaden etter kvart har forventningar om høgare standard med tanke på elektrisitet, vatn og avløp.

Sætre ser for seg å kunne tilby hytter med full standard og ønsker å ta utgangspunkt i eksisterande veg til setra og føre denne vidare vestover.

Planutvalet godkjente i sak 19/2017 at det kunne settast i gang arbeid med privat reguleringsplan med formål fritidsbustader ved Sess-setra. Etter annonsert oppstart er det mottatt 5 innspel; 1 privat og 4 frå offentlege instansar. Desse er referert og kommentert i vedlegget «Oppsummering av oppstartfasen».

Vurdering:

Planforslaget legg opp til ei forsiktig utnytting av området og gir plass til 10 hyttetomter med vegtilkomst og ein felles parkeringsplass. Forslaget erstattar ein mindre del av gjeldande plan. Det er sett av relativt store areal som naturområde. Planområdet ligg inn til den gamle stølen på Sess-setra, og ein mindre del av denne ligg innanfor plangrensene.

Aktuelt område er ikkje omfatta av aktsemdsoner eller fareområde for snøskred, steinsprang eller usikre grunnforhold. Oppsummert er det vurdert at området ikkje er spesielt sårbart for tiltaka reguleringsplanen, verken i høve naturfare, naturmangfald kultur- eller naturmiljø.

Adm.sjefen har tidlegare gjort merksam på at planavgrensinga kan vurderast endra, med tanke på heilheitleg vurdering av arealbruken i området. I klartekst betyr dette ei vurdering av om tidlegare regulerte 9 hyttetomter sør for det aktuelle planområdet er relevant å vidareføre. Sidan det har gått 2 år frå oppstartsmeldinga og tidspunktet for rullering av kommuneplanens arealdel nærmar seg, meiner adm.sjefen no at det er mest relevant å ta denne vurderinga i samband med rullering av kommuneplanens arealdel.

Det ligg derfor til rette for at planforslaget kan leggest ut til offentleg ettersyn slik det er presentert i dokumenta datert 30.04.2019.

Særutskrift til:
Etter adresseliste

Vedlegg:

- 1 Regulering Sessetra - planforslag til behandling
- 2 2019.04.30. Plankart
- 3 2019.04.30. Planomtale
- 4 2019.04.30. Reguleringsføresegner
- 5 2017.02.07. Planutval vedtak
- 6 2019.04.30. Oppsummering oppstartsfase
- 7 2017.11.01. Annonse
- 8 2017.11.10. Oppstartsvarsel
- 9 2017.22.12. Innspel Statens vegvesen
- 10 2018.01.05. Innspel NVE
- 11 2018.01.09. Innspel frå MRfylke
- 12 2018.01.15. Innspel frå Karl Erik Sylthe
- 13 2018.01.16. Fylkesmannen
- 14 Gjeldande reg.plan og føresegner